



**Styremøte i Valldal Bygdekvinnevalg
mandag 12.januar 2026 kl. 18 på Valldal skule**

Til stades: Bjørg, Mette NV, May, Mette M, Gerd, Magnhild

Sak 10/26 Godkjenning av innkalling med sakliste og gjennomgang av referat frå 10.november.

- Ingen merknader til innkalling
- Nokre moment kom til i saklista i etterkant, tok det opp under sak 19, eventuelt

Sak 11/26 Evaluering Førjulshygge 11.12 Valldal skule og Nyttårslag 11.januar.

Opplegget på førjulshygge litt annleis enn i fjor, verka som det vart godt motteke. Medlemmane fekk lage sine eigne julehjerter i staden for baking som tidlegare år.

Nyttårslaget var særdeles vellukka, med godt frammøte.

Vart for få stolar/seteplassar, burde vere enklare å få tilgang på fleire stolar.

Bør få til eit samarbeid med avdelingane/kommunen korleis dette kan løysast for seinare år, ha tilgang til stolar i reserve som lett kan fraktast.

Finne ut om eit lydanlegg kan vere tilgjengeleg.

God planlegging og gjennomføring av kafegruppa!

Sak 12/26 Økonomirapport ved Gerd

Laget har fått 18.000 i tilskot frå kommunen til arrangement tiltenkt «Syng med oss». Dette er av midlar som er tiltenkt «livsglede for eldre».

Det er til no nytta om lag 48.000 til prosjekt skulekjøkken.

Noko innkjøp står att, samt at også timar som har gått med til prosjektet også bør vere med i rekneskapen.

Gerd orienterte om korleis laget sine midlar er fordelt på dei ulike konti.

Sak 13/26 VBK sine forsikringer og melding frå Indre Sunnmøre Gjensidige Brannkasse

Noko usikkerheit kring dette.

Treng å finne ut kor mykje laget treng ha i forsikring for bøkene som er lagra på rådhuset.

Gerd undersøker dette vidare.

Sak 14/26 Aktivitetsplan vinter/vår 2026

Grundig gjennomgang. Mette NV fekk lagt inn i oppsettet alle faste aktivitetar og andre arrangement som er planlagt 1. halvår.

Ein innhaldsrik plan som tek høgde for endringar/justeringar viss nødvendig.

Planen blir sendt ut som vedlegg til møtereferatet.

Til nokre aktivitetar/arrangement vil det vere behov for å få dugnadshjelp frå medlemmane. Gjeld m.a. forespurnad om deltaking på Kulturdagen ved Valldal skule.

Björg melder attende at ein føresetnad for dette at ein lærar vert tilstades heile dagen slik som i fjor.

Det har lenge vore omsnakka om vi skulle få til eit arrangement med Roger S Bruland.

Björg tek kontakt att, og set opp alternative datoar.

Sak 15/26 Deltaking 8.mars?

Melder attende at VBK ikkje deltek på dette arrangementet i år. Björg følgjer opp.

Sak 16/26 Styret må velge vara til valnemnda og leiar i kafegruppa.

Forslag på Randi Flø som vara til valnemnda. Ho vert kontakta om dette.

Leiar i kafegruppa er foreslått Aase Opskar, som tek på seg denne funksjonen.

Sak 17/26 Distriktsårsmøte 14.og 15. mars i Molde.

Styret har fått orientering om dato for avvikling.

Program og påmeldingsfrist er førebels ikkje kjent.

Leiar + 2 andre vil delta. Mette NV og May seier seg interessert i å delta.

Sak 18/26 Heidersbevisning

Björg har sendt inn forespurnad til Norges bygdekvinnelag, men har enno ikkje fått tilbakemelding. Björg følgjer opp.

Sak 19/26 Eventuelt

Informasjon frå leiar om deltaking i ulike møte.

M.a. oppstartmøte olsok den 20.januar.

«Ballmiddag» til medlemmer som har hatt særlege oppgåver gjennom året.

Dette vart etterlyst av valnemnda på årsmøtet sidan det ikkje var gjennomført i fjor.

Tenkt dato den 29. januar. Invitasjonar blir sendt ut.

Magnhild har delteke på Teamsmøte med NBK vedk. medlemslister.

30 medlemmer er registrerte pr. dato.

Møtet slutt kl. 20.40

Magnhild

ref.